

Deles via Facebook og e-post til medlemmar via Kvislasyndin Hytteforening

Infoskriv frå Kvislavegen mai 2023

### **NYHEIT OM ÅRSKORT FOR KVISLAVEGEN 2023**

Som ei prøveordning dette året vil alle som har **årskort** i Kvislavegen køyre gratis gjennom bommen i Haugrudvegen (på Dinglane) med oppstart 01.06.2023. Haugrudvegen har tilbydt denne prøveordninga vederlagsfritt for Kvislavegen og formålet er å sjå om det får fleire til å kjøpe seg årskort. I 2017 var det selt om lag 140 årskort i Kvislavegen, i dag er det berre 86.

Tidlegare måtte ein betale bomavgift mellom dei ulike stølsvegane oppe i fjellet, for Kvislasyndin var desse bommane ved Lostøl i retning Midtre Syndin og ved Soleikro i retning Johmsyndin. Det er ikkje eit ynskje å gå attende til ei slik løysing, men ei forutsetning for eit ope vegsystem i fjellet, slik som i dag, er at dei som held til langs dei ulike vegane faktisk bidreg økonomisk til eigen veg.

Drifta av Kvislavegen er ikkje kommersiell, inntekter frå enkeltbilletter, årskort og tilknytingsavgift (ved nybygg) går tilbake til vedlikehald, brøyting og oppgradering.

Som styret tidlegare har informert om er økonomien i vegdrifta utfordrande og alle som brukar vegen må solidarisk bidra for å ha ein køyrbar veg også i framtida.

Vi vil gje 20% rabatt på nye årskort kjøpt frå 01.mai 2023 og ut året, ikkje som ei varig ordning med «halvårskort», men som eit introduksjonstilbod for prøveordninga. Om fleire kjøper årskort no, vil prøveordninga kunne halde fram også neste år.

### **FORNY ÅRSKORTET DITT NO!**

For deg som har bomkort, men som ikkje har fornya for 2023 – ta kontakt med [hamrekontor@gmail.com](mailto:hamrekontor@gmail.com) eller tlf.90951028 så blir kortet ditt lagt inn med 20% rabatt til ein pris på kr. 2 320.

### **KJØP NYTT ÅRSKORT NO!**

Kjøp av nytt bomkort – ta kontakt med [hamrekontor@gmail.com](mailto:hamrekontor@gmail.com) eller tlf.90951028, så avtaler vi henting av nytt kort i postkasse Vestsidevegen 1250, 2960 Røn. Det kjem då eit tillegg på kjøp av nytt kort kr.200, altså ein samla pris på kr. 2520 inkl. nytt kort.

Ynskjer dykk alle ein fin vår i fjellet!

Styret i Kvislavegen